

## Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9/TG5 – Ca- og Mg-salt og CO<sub>2</sub> til handsaming av drikkevatn

*Av Karl-Jan Erstad, Rådgivande Agronomar AS*

### Introduksjon

Lhoist Rheinkalk GmbH i Wülfrath i Ruhr-området var 26. november vertskap for det 34. møtet i oppdragsgruppe 5 (Ca- og Mg-salt, inkl. CO<sub>2</sub>) under Arbeidsgruppe 9 i CEN sin tekniske komité 164 for handsaming av drikkevatn.

Dr. Ing. Martin Boike i Lhoist ønskte velkomen saman med leiaren i TG5, Dipl.-Ing. Hans-Günter Brendl. Det møtte 7 ekspertar, og desse representerte Tyskland, Sveits, Belgia/Frankrike og Noreg. Storbritannia var fråverande denne gongen. Underteikna møtte for Noreg.

Hovudarbeidet låg til liks med tema for førre møtet på revisjon av standardane for kalsiumkarbonat og karbondioksid, med ein del tekniske forbetringar. Vidare var det oppdatering av plan for dei vidare automatiske 5-årsrevisjonane under CEN-systemet på dette fagområdet.

### Statusliste over standardar under TG5

Ei oppdatert referanseliste vart sett opp for status per dato, og oversyn over komande revisjonar nærmaste åra, som vist i tabellen under. Dei 3 revisjonane i 2018 er no under slutføring. Dei neste større revisjonsarbeida skulle så kome med kalsinert kalk (brent kalk og leska kalk / kalkmjølk) i 2020, og testmetodane i 2023.

### Revisjon av EN 936 Karbondioksid

Ved dette møtet gjekk vi igjennom dei siste forslaga til endring frå Det tyske gassforbundet IGA (Industrial Gas Association) i revidert standard.

Maksimalt fuktinnhald i karbondioksid som produkt er seinka frå 50 til  $20 \times 10^{-6}$  på volumbasis, ekvivalent med reduksjon frå 20 til 8 mg/kg som masse.

Det har kome inn heilt nye krav i tab. 2 (subjektive parametarar – organoleptiske faktorar) når det gjeld synsinntrykk etter tilførsel til drikkevatn: Ingen farge eller turbiditet. Like så er det krav til karbondioksid i fast form (frosen), altså tørris: Ingen framand farge eller ut-sjånad.

Under bibliografiske referansar (Bibliografi) var dokumentet «Kjeldesertifisering, kvalitetsstandardar og verifisering» frå Den europeiske industrielle gassforeininga AISBL oppdatert frå dok. 70/08 til 70/17. Vidare var EU-reguleringa nr. 333/2008 (frå EU-parlamentet og Ministerrådet) om tilsetningar til mat og EU-reguleringa nr. 231/2012 (direkte frå EU-kommisjonen) om spesifikasjonar for mattilsetningar tatt inn.

CEN-dokumentet om forklaringar vedrørande og rettferdiggjering av endringane, gjennom prosjektleiar, evt. verknader for analysemetodikk, og effektar for samfunn og interessentar

Nummer	Tittel	Tidspunkt for første publikasjon	Tidspunkt for publikasjon gyldig versjon	Årstal for neste revisjon
EN 936	Karbondioksid	1997	2013-12	2018
EN 1017 & EN 1017 A1 – og arbeidstema for forbedring	Halvbrent dolomitt	1998-05	2014-07	2020
EN 1018 EN 1018 A1	Kalsiumkarbonat	1998-05	2013-05 2014-07	2018
EN 12518	Kalsinert kalk	2000-05	2014-07	2020
EN 16003	Kalsiummagnesiumkarbonat	2011-11	2011-11	2017
EN 16004	Magnesiumoksid	2011-11	2011-11	2017
EN 16409	Brent dolomitt	2013-12	2013-12	2018
EN 12485	Testmetodar kalk	2001-04	2017-10	2023

(*stakeholders*) var likevel ikkje gjennomført av det tyske IGA. Dermed gjorde vårt TG5 dette direkte under dette møtet med utgangspunkt i CEN-mal.

## Revisjon av EN 1018 Kalsiumkarbonat

Endringane for kjemiske likestilling av porøs og ikkje-porøs kalsiumkarbonat var klare alt etter førre møtet.

Dr. Karl-Jan Erstad (N) var tillagt ansvaret for denne utfyllinga av CEN-dokument for rettferdig-gjering av revisjonen, men hadde rekna med å motta delvis utfylt skjema etter mal frå CEN. Dette var ikkje oversendt, men Dr. Erstad gjorde dette på eiga hand rett før dette TG5-møtet og distribuerte det til dei andre ekspertane for vurdering. Dette nye dokumentet som konsekvensanalyse av revisjonen vart vurdert og godtatt. Med tildeling av fast nummer for WI (arbeidstema) går det så til den tekniske høyringa.

## Revisjon av EN 14069 Kalsinert dolomitt (Dolime)

Ingen endringar vart vurdert nødvendige, men det går automatisk ut til røysting om lagnaden for standarden ved 5-årsrevisjon. Kjemikaliet har ein stabil bruk for mineralisering av drikkevatt som er produsert ved avsalting av sjøvatn.

## Revisjon av EN 12518 Kalsinert kalsiumkarbonat

Det vil verte røysting for medlemslanda under CEN om lagnaden også for denne standarden ved 5-årsrevisjon, men det var nok lita stemning for endringar. Dagens standard er resultat av mange kompromiss mellom aktørane tidlegare under standardiseringsarbeidet.

## Dato og stad for neste TG5-møte

Neste møte i CEN/TC164/WG9/TG5 vart fastsett til onsdag 21. oktober 2020 hos Den tyske kalkforeininga i Köln, altså nokre månader etter WG9-møtet i Elnesvågen ved Molde (OMYA Hustadmarmor) 12.-13. mai 2020, der det vert gitt nye føringar for oppdragsgruppene.